

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
003/19	Valstyret	PS	03.05.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Thomas Lindås	FE-010	18/267

### Valstyret 2019 - godkjenning av vallister til kommunevalet

#### Vedlegg:

Lister og kandidatar Austrheim - kommunestyrevalet 2019

#### Framlegg til vedtak:

Valstyret godkjenner fylgjande lister til kommunestyrevalet i Austrheim i 2015.

1. Arbeiderpartiet
2. Bygdelista i Austrheim
3. Høgre
4. Kristeleg folkeparti
5. Senterpartiet
6. Sosialistisk Venstreparti

#### Valstyret - 003/19

#### VS - behandling:

Handsaming i valstyret:  
Rådmannen sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke

#### VS - vedtak:

Valstyret godkjenner fylgjande lister til kommunestyrevalet i Austrheim i 2015.

1. Arbeiderpartiet
2. Bygdelista i Austrheim
3. Høgre

4. Kristeleg Folkeparti
5. Senterpartiet
6. Sosialistisk Venstreparti

## **Saksopplysninger:**

### **Bakgrunn**

Seks lister var innleverte då fristen gjekk ut måndag 1. april klokka 12.00. Fem av listene var frå parti som berre måtte ha underskrifter av to tillitsvalde, medan Bygdelista i Austrheim måtte oppfylle krava som gjeld lokalparti som ikkje er registrerte i Brønnøysundregistra. Servicekontoret har kontrollert underskriftene som var leverte for Bygdelista i Austrheim, og dei var godt over kravet, som er 44 personar med stemmerett i Austrheim ved dette valet.

Servicekontoret sende ut brev til alle kandidatane med beskjed om at dei stod på liste, med 16. april som frist for å melda frå dersom dei ikkje ville stilla til val. Parallelt med at ein fekk inn meldingar frå kandidatar som ikkje ville stilla til val, hadde Servicekontoret dialog med dei tillitsvalde for dei ulike partia/listeframlegga.

Det var sett frist 25. april for parti som ville erstatta kandidatar, for å ha saka klar til valstyret 3. mai. I alt er det gjort endringar på tre av listene, Høgre, KrF og Bygdelista i Austrheim. For dei to siste listene er det no færre kandidatar enn ved innleveringa 1. april, men listene har framleis mange nok kandidatar til å godkjennast. Dei tre partia har levert sine endelege lister slik det framgår av vedlegget.

### **Vurdering**

Listene kan godkjennast slik dei ligg føre.

### **Konklusjon**

Listeframlegga vert godkjent slik dei kjem fram av vedlegget, datert 26.04.2019 klokka 10.33.